



Nettverk av ressursssjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Førde føretaksområde

Nyhendebrev 17.12.2025

Kjære ressursssjukepleiar og leiar i nettverket!

Snart legg vi bak oss 2025, og det er tid for å gi eit lite tilbakeblikk på året som har gått.

Men først er det viktig for oss å få takke deg som er ressursssjukepleiar for det viktige arbeidet du gjer! Du er med på å gjere ein forskjell for både pasientar, pårørande og kollegaer med innsatsen din og engasjementet ditt for fagfeltet kreft og palliasjon.

Det er òg viktig å framheve samarbeidet med deg som leiar og støtta du gir til ressursssjukepleiaren din. Saman bidreg de til god kreftomsorg og lindrande behandling på eigen arbeidsplass. Tusen takk!



Kva har skjedd sidan sist?

Felles for nettverket i Helseregion Vest

Funksjonsbeskrivinga for ressursssjukepleiarar er oppdatert med ny dato.

[Funksjonsbeskrivinga](#) følgjer strategien for 2025–2029 og finst på nettsida til nettverket under [aktuelle dokument](#).

Kompetanseplan for sjukepleiarnettverket er under revidering og vil bli sendt breidt ut til alle ressursssjukepleiarar og leiarar i nettverket i Helseregion Vest.

Helse Førde føretaksområde

I haust har vi arrangert 3 lokalgruppesamlingar i nettverket. Samlingane fant stad i Hafslo, Selje og i Førde. Tema har vore: **«IMPACT STUDIEN – IMPLEMENTERING AV PASIENT-SENTRERT OMSORG HOS ELDRE PASIENTER MED KREFT»** ved Stine Voll Aasen LIS 3, geriatri og ph.d. stipendiat og Nini Aafke De Glas, onkolog ved kreftseksjonen FSS. Det blei som del av studien utført fokusgruppe intervju på nettverksmøta. Dei som ikkje deltok på intervju fekk undervisning om kartleggingsverktøyet Clinical Frailty Scale.



Markering av Verdsdagen for lindrande behandling

WHPCD blei markert på «Stafett for livet» i Førde 6. september. Nettverket sin film blei vist på storskjerm. Marthe heldt appell og informerte om nettverket. Marthe, Camilla og 3 ressurssjukepleiarar var synlege i miljøet med stand, og delte ut twist og ballongar. Alle hadde på seg t-skjorter med teksten «Eg er ressurssjukepleiar, spør meg om kreftomsorg og lindrande behandling».



Introduksjonskurs for nye ressursjsukepleiarar og leiarar

blei gjennomført på Høgskulen på Vestland 30. september. 10 sjukepleiarar og 2 leiarar deltok.

Grunnkurs i palliasjon

Interessa var stor og kurset samla over 80 helsepersonell; sjukepleiarar, ein fysioterapeut, helsefagarbeidarar og assistentar på Campus Førde, Høgskulen på Vestland 11. november. Målet med dagen var å styrke kunnskapen om grunnleggjande palliasjon. Kurset blei godt evaluert av deltakarar og arrangørar. Vi har lagt planar for nytt grunnkurs 10. november 2026.



Planar for våren 2026

Årsplan

Nytt år betyr nye moglegheiter, og ny årsplan 😊. Planen blir først godkjent i styringsgruppa for nettverket på nyåret, og deretter sendt ut til alle ressursjsukepleiarar og deira leiarar. Andre verktøy som kan være til hjelp i utarbeiding av eigen plan er [årshjul](#), [vegleiar for samtale](#) og [funksjonsbeskrivinga](#).



3. februar 2026 blir det arrangert årleg fagdag for ressursjsukepleiarar, leiarar, fysio- og ergoterapeutar og legar.

Tema for dagen er nevrologiske sjukdommar i eit palliativt perspektiv.

[Program og påmeldingslink finn du her: Årleg fagdag 3. februar 2026](#)

Datoar for vårens lokalgruppesamlingar for ressursjsukepleiarar:

Nettverksgruppe	Dato
Sunnfjord/Kinn	03.03.26
Nordfjord	10.03.26
Sogn	24.03.26

Lurer du på kor du finn full oversikt over alle ressurspersonar, inkludert kreftkoordinatorer i heile Helseregion Vest?
Sjekk ut:



14. april 2026 vert det arrangert digitalt introduksjonskurs for leiarar.

Det vil bli sendt ut invitasjon med påmeldingslink i god tid før.

Aktuell informasjon frå fagfeltet

Livets siste dagar er oppdatert til versjon 2.0

Det fulle namnet er heretter Livets siste dagar - rammeverk for ein individuelt tilpassa plan for lindring i livets slutfase. [Meir informasjon her.](#)

Temahefte om lindrande behandling og omsorg

Nasjonalt kompetansesenter for Aldring og helse har på oppdrag frå Helsedirektoratet utvikla to temahefte for lindrande behandling og omsorg. Formålet er å gje helse- og omsorgspersonell i dei kommunale tenestene grunnleggande kunnskap om lindrande behandling. Dei nye temahefta erstattar den digitale opplæringspakka. I det [første temahefte](#) får du ei innføring i kva palliasjon er, og korleis tidleg innsats kan bidra til betre livskvalitet for pasient og pårørande. [Temahefte 2](#) bygger vidare på innhaldet i del 1, og går nærmare inn på kartlegging og lindring av symptom samt pleie og omsorg i livets siste fase. Det forutsett at begge hefta blir lest for å få ein heilskapleg forståing av emnet.

Ein digital guide til godt pårørandearbeid

[DIGGPÅ](#) er ein digital guide som gir helse- og omsorgspersonell praktiske verktøy for systematisk og godt pårørandearbeid. Guiden skal gjere det enklare å støtte pårørande som står i ein ny og krevjande kvardag.

Eldre pasientar sine preferansar om intensivbehandling i Norge

Ein nyleg studie viser at [eldre pasientar er delt når det gjeld intensivbehandling](#). Like mange ynskjer å avstå frå slik behandling som å mota den. Funna understrekar kor viktig det er å styrke eit pasientsentrert fokus ved avgjerder om intensivbehandling hos eldre.

Hjelpepodden

[Hjelpepodden](#) er ein podcast om ordningar for pasientar og pårørande, produsert av Haraldsplass diakonale sjukehus i samarbeid med VID vitenskapelige høyskole.

Kompetansehevande tiltak

Helsedirektoratet delar ut 13 500 000 kr i 2026 til [«Kompetansehevande tiltak for lindrande behandling og omsorg ved livets slutt»](#). Statsforvaltaren i Vestland forvaltar tilskotet for kommunane i Vestland og Rogaland. Teknisk søknadsfrist er 1. mars 2026, meir informasjon kjem på [Statsforvalteren i Vestland](#). Ta gjerne kontakt med [KLB](#) for råd og vegleiing i prosessen. Er du nysgjerrig på kva prosjekt som er pågåande i kommunar i Helseregion Vest? Ta en titt på KLB sine nettsider, under [Kommunale prosjekt](#). Her er det presentert både prosjekt som helde på og prosjekt som har fått støtte etter 2019.

Ein god podcast som du kanskje har glede av å lytte til

<https://www.kompetansebroen.no/podcast/sykepleieprat>

Nytt frå Kreftforeningen

Montebellosenteret har mange kurstilbod, blant anna tilbyr dei «Kreft – en ny hverdag» og «Familielkurs – barn som pårørande». Besøk nettsida for meir informasjon.

«Famileskule»

I eit samarbeid mellom Kreftforeningen og Haukeland universitetssjukehus, er målet å auke meistring, funksjon og livskvalitet i kreftamma familiar. Prosjektet har eit ekstra stort søkelys på barn og unge som pårørande.

Samling for kreftamma familiar over eit par dagar med overnatting, aktivitetar, undervisning og gruppesamtalar.

Det vert arbeida med å sette saman ei prosjektgruppe som skal utvikle innhaldet vidare.

Målet er å halde fyrste samling våren 2026.

Kreftsaka sine vinterleikar

Vinterleikane vert arrangert av Kreftforeningen og Montebellosenteret, og vert støtta av Radiumhospitalets legat og Sparebankstiftelsen DNB.

Vinterleikane er for dei som har, eller har hatt kreft og deira pårørande.

Samlinga er på Montebellosenteret og det er aktivitetar som hundespann, riding og skileik.

Det er opent for påmelding, og tilbodet er gratis, sjå [Kreftsakens vinterleker – Kreftforeningen](#)

Kurs og konferansar

- [Landskonferansen i palliasjon 23.- 25. september 2026](#)
«Vi står han av», den 19. Landskonferansen i palliasjon i Tromsø.
- [KreftREHAB 2026 13.-14. april](#)
Kreftrehabilitering 2.0: Frå utfordring til mulighet, Tromsø
- [World Congress of the EAPC](#), 14.-16. mai 2026, Praha

*Med dei beste ønsker om
ei god jul og eit riktig godt nytt år!*

Beste helsing Marthe, Lene og Camilla